



Brødrene Musland Maskin får ein luftig plass for sitt prosjekt

Etter mange års nærmast stillstand er det no stor aktivitet på Børnes industriområde. Ein meir aktiv rolle frå kommunen si side har ikkje minst hatt stor betydning og fleire prosjekt er på gang.

Opp mot fylkesvegen er mykje stein teke ut til bruk i Ospelunden der utbyggjinga av bustader er i full gang.

Det er truleg sprengt ut så mykje som 3000 kubikkmeter fast fjell som er transportert til Ospelunden for bruk til fundamentering. Seinare skal noko meir tas ut og nyttast til å jevna ut området. Førabels er det uvisst kva det aktuelle området på Børnes skal nyttast til bortsett frå at det skal reisast eit hus der.

- Inntil vidare har vi nok å gjera med byggjinga av bustader i Ospelunden, seier Oddbjørn Kroka til uskedalen.no

Ned mot kaien på Børnes er Brødrene Musland Maskin igang med sitt prosjekt som

er bygging av ein 600 kvadratmeter stor stålhall som skal nyttast til lager. Til føremålet har firmaet fått kjøpt eit areal på 2 mål av kommunen og det kjem i tillegg til 3,7 dekar som dei eig der frå før.

Siste nyhende er at det ekspansive KBU Elektroservice har gått inn i det store konsernet Vassnes og at det dermed er lagt eit fundament for vidare ekspansjon også på denne delen av Børnesområdet. .

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det er teke ut mykje stein til bruk i Ospelunden